



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Herøy kommune

Tilsynsdato: 11.04.2018

Rapportdato: 05.06.2018

## Innhold

<b>1 BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING.....</b>	<b>3</b>
1.1 FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2 PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
1.3 TILSYNSTEMA .....	3
1.4 GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5 GJENNOMFØRING .....	5
<b>2 HOVUDINNTRYKK .....</b>	<b>6</b>
<b>3 RESULTAT FRÅ TILSYNET .....</b>	<b>7</b>
3.1 AVVIK .....	7
3.2 MERKNADER .....	8
<b>4 VIDARE OPPFØLGING.....</b>	<b>9</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkellopplysningene om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	08.02.2018 (formøte) 04.05.2018 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Postboks 274, 6099 Fosnavåg
<b>Kommunenummer:</b>	1515
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Wenche Moltu
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Helge Mogstad
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	08.05.2018
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	05.06.2018
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	17.07.2018

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Herøy kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den enkelte kommune minimum kvart fjerde år.

### 1.3 Tilsynstema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2016 og seinare.

#### **1.4 Grunnlagsdokumentasjon**

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

<b>Nr.</b>	<b>Dokument</b>	<b>Datering</b>
1.	Heilskapleg ROS-analyse Herøy kommune	23.03.2015
2.	Heilskapleg ROS-analyse Herøy kommune – Grovanalyse 2013	Ikkje datert
3.	Saksframlegg, Beredskapsplan for Herøy kommune – Godkjenning	15.12.2016
4.	Beredskapsplan Herøy kommune	02.02.2018
5.	Planstrategi 2016-2020	24.11.2016
6.	Kommuneplanen – Samfunnsdelen 2013-2025	02.10.2013
7.	Kommuneplanen – Kart arealdelen	Ikkje datert
8.	Sunnmøre IUA – Beredskapsplan mot akutt forureining	03.11.2016
9.	Beredskapsplan – barnehagane og skulane i Herøy	Ikkje datert
10.	Referat frå personalmøte servicetorg	06.04.2017
11.	Referat møte beredskap 17.11.2017 – Gjennomgang øving Fårikål	17.11.2017
12.	Debrief etter hjertestans	Ikkje datert
13.	Føremåls- og stillingsskildring for leiar Servicetorget	12.08.2004
14.	Beredskapsplan Herøy kommune revidert utgåve – <i>ettersendt etter tilsynsmøte</i>	07.05.2018

## 1.5 Gjennomføring

Formøte med Herøy kommune vart gjennomført 08.02.2018. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 11.04.2018. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opmøte	Intervju	Sluttmøte
Arnulf Goksøyr	Ordførar	X		X	
Olaus Jon Kopperstad	Rådmann	X	X	X	X
Wenche Moltu	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

## 2 Hovudinntrykk

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass.

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2015 og moden for ein revisjon. Analysen er forankra i kommunestyret, men oppfyller ikkje alle minimumskrava i forskrifta. Analysen er i stor grad basert på kommunen si grovanalyse frå 2013, og manglar konkrete vurderingar på sannsyn og konsekvensar på dei hendingane som er med i analysen. I tillegg manglar ei vurdering av kommunen sin evne til å oppretthalde drift ved uønskte hendingar. Det går ikkje fram av ROS-analysen i kva grad relevante offentlege og private aktørar har vore invitert med/tatt del i arbeidet.

Kommunen har skildra mål og strategiar for arbeid med samfunnstryggleik i kommuneplanens samfunnsdel. Mål og strategiar for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap bør forankrast tydelegare med bakgrunn i heilskapleg ROS. Vi saknar ein prioritert handlingsplan med tiltak for oppfølging av funna i ROS-analysen.

Beredskapsplanen er sist revidert i februar 2018, og oppfyller alle minimumskrava i forskrifta.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som øve og evaluerar øvingar, men har ikkje hatt hendingar sidan førre tilsyn. Kommunen har faste rutinar for møter i krisleitiinga. Vi rår kommunane å etablere beredskapsråd der ein inviterar med ressurspersonar utanfor eigen organisasjon som t.d. sivilforsvar, HV, frivillige organisasjonar, større bedrifter og liknande.

Potensialet for forbetring:

Etter revisjon av ROS-analysen bør kommunen lage ein prioritert handlingsplan etter funn i ROS-analysen og innrette beredskapsplanen betre mot desse funna i trå med forskriftskrava. Varslingslister og ressursoversiktar kan med fordel flyttast til CIM.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte to avvik. Tre forhold er kommentert som merknad.

#### 3.1 Avvik

Avvik er definert som manglende oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

##### **Avvik nr. 1**

Herøy kommune sin heilskaplege ROS-analyse oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald.

##### **Regelverkstilvising:**

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 :

1. ledd. «...vurdere sannsynligheten for uønskede hendelser [...] og hvordan disse kan påvirke kommunen.»
3. ledd bokstav e) «...kommunens evne til å oppretthalde sin virksomhet...» og
4. ledd avsnitt «...påse at relevante offentlige og private aktører...»

##### **Utdjupande kommentar:**

Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen manglar konkrete vurderingar av sannsyn og konsekvens, samt ei vurdering av kommunen si evne til oppretthalde si versemeld når den vert utsett for ei uønska hending. Det går ikkje fram av analysen i kva grad relevante offentlege og private aktørar har vore invitert til å ta del i arbeidet med ROS-analysen.

##### **Avvik nr. 2**

Herøy kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analyisen fastsett langsigktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

##### **Regelverkstilvising:**

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3.

##### **Utdjupande kommentar:**

Herøy kommune manglar overordna forankring av mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med bakgrunn i funna i ROS-analyesen.

### 3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

#### ***Merknad nr. 1.***

##### **Kommunen bør:**

- Lage ny ROS-analyse i tråd med forskriftskrava, gjerne med utgangspunkt i analysen frå 2015. Vi anbefalar ei politisk behandling av akseptkriteria før ein går vidare med arbeidet.
- Lage prioritert handlingsplan etter funn i ROS-analysen.
- Med bakgrunn i den prioriterte handlingsplanen, forankre langsigtige mål, stategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i overordna planer i kommunen(samfunnsdel).

#### ***Merknad nr. 2.***

##### **Kommunen bør:**

- Revidere beredskapsplanen ved neste korsvegen med utgangspunkt i funn/tiltak i handlingsplan til ROS-analysen, for å imøtekome forskriftskrava.

#### ***Merknad nr. 3***

##### **Kommunen bør:**

Vurdere å utarbeide eit styringsdokument som kan fungere som operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap – eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet. Eitt av dei gitte avvika kan handterast gjennom eit slikt dokument. Det same gjeld andre konkrete forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbetringspotensial – for eksempel:

- forankre rutinar for faste møte i kriseleiinga og ev. beredskapsrådet.
- tydelegare rutinar for gjennomføring av opplæring og øvingar
- tydelegare rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar

## 4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Stine Sætre, [stine.saetre@fylkesmannen.no](mailto:stine.saetre@fylkesmannen.no), 71258485 / 95224419